



Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2007/1038

Informasjon om verksemda

Namn: Tenden Container og Gjenvinning AS	Organisasjonsnr.: 976 484 770
Adresse: 6783 Stryn	Kontrolldato: 27.04.2006
Besøksadresse: Stryn Miljøpark, Svarstad	Anleggsnr.:
Kommune/kommunenr.: 1449 Stryn	Bransjenr. (NACE-kode):

Til stades under kontrollen

<u>Frå verksemda:</u> Dan Bø	<u>Frå Fylkesmannen</u> Bjørn L. Rusken
---------------------------------	--

Innhald i rapporten

Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Følgjande hovudtema vart kontrollert:

Drifta av mottaket, handtering av farleg avfall, mellom anna lagring, deklarerering, vidarelevering.

Resultat av kontrollen

Fylkesmannen avdekte 0 avvik* og gav 0 merknader*.
Desse er omtala i vedlegget til rapporten.

* Definisjon av avvik og merknader er gjeve på neste side.

Oppfølging etter kontrollen

Inga tilbakemelding

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at tilhøva er retta og som gjer greie for gjennomførte tiltak når det gjeld avvik. Pålegget er heimla i ureiningslova § 49.

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga; t.d. brot på krav i ureiningslova, forskrifter heimla i ureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: eit tilhøve som tilsynsetatane finn nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Handtering av farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Det kan ikkje handterast saman med anna avfall, fordi det kan føre til alvorleg ureining eller fare for skade på menneske og dyr.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) har i kapittel 11 reglar for farleg avfall. Her er det reglar for forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall (§11-5), krav om løyve (§ 11-6 og §11-7), leveringsplikt (§11-8), deklarerering (§11-12) og tilsyn (§11-15).

Kommunale mottaksanlegg og private mottak/mellomlager for farleg avfall er anten regulert gjennom eige løyve frå Fylkesmannen eller gjennom vedlegg 2 til kapittel 11 i avfallsforskrifta (standardiserte krav).

Kontrollen har fokus på enkelte utvalde avfallstypar som kan innehalde prioriterte miljøgifter:

- PCB i m.a. bygningsmaterial som isolerglas, mørtel og fuger
- Krom/ arsen- og kreosotimpregnert trevirke
- Bromerte flammehemmarar (BFH) i m.a. isolasjonsmaterial som EPS (isopor og liknande plast), XPS (byggeskum) og cellegummi (rørisolasjon). BFH finst og i EE- avfall.

Impregnert trevirke er ikkje merkt. Avfallsmottak må difor spørje etter informasjon om trevirket slik at krom/arsen- og kreosotimpregnert trevirke blir handtert skilt frå anna trevirke.

Det same gjeld for isolerglasruter, kondensatorar eller lysarmatur som inneheld **PCB**.

Isolasjonsmaterial med **bromerte flammehemmarar** er ein ny type farleg avfall (2004) som mottaka bør vere merksame på. Denne avfallstypen kan leverast saman med anna bygnings- og rivingsmaterial. Cellegummi er ein type isolasjonsmaterial som lett kan sorterast ut som ein eigen fraksjon.

EE- avfall er ikkje farleg avfall før det blir behandla i eigne mottaks- og behandlingsanlegg der dei ulike komponentane med helse- og miljøskadelege stoff blir tekne ut.

Avvik:

Fylkesmannen fann ingen avvik ved mottaket for farleg avfall.

**Merknad 1:**

Verksemda si merking av farleg avfall kan betrast

Kommentarar:

Verksemda har merka containerane utvendig med innhald av farleg avfall. Desse er likevel så store at dei og burde vore merka innvendig med innhald for å sikre oversikt over lagra farleg avfall.

Andre kommentarar/ utdjupingar:

Fylkesmannen ser positivt på skiljet som er innført mellom NOMIL sitt mottak av farleg avfall frå hushaldningar, og Tenden Container og Gjenvinning AS sitt løyve til mottak av farleg avfall.
